



Var dette siste kommunevalet som vart avvikla i Uskedalen? Frå opteljinga i 2011.

**- Eg skal søren ikkje stemma i år! Eg har stemt i alle år, og hadde sjølv sagt gjort det i år òg om eg hadde fått stemt i Uskedalen. Eg trur ikkje valgdeltakinga i bygda vert over 20%, er kraftsalven frå ein pensjonist om den nye valgordninga. Kanskje han får rett også sidan han er kjend som ein av dei stødigaste tipparane i bygda!**

Reduksjonen frå 23 til 4 valkrinsar i det komande valget er eit gloheitt tema i Uskedalen etter som valgdagen nærmar seg. I år kan ein ikkje stemma i Uskedalen. Bygda er som kjent lagt under Rosendal valkrins. Som tidlegare valg er det høve til førehandsrøysting. Dessutan kan eldre og sjuke få røysta heime etter søknad. Nokre utkantbygder får også besøk slik at det er mogeleg å stemma 1,5 time medan dei fleste er på arbeid. - At berre 3 nytta seg av denne ordninga for sjuke og eldre ved stortingsvalget i 2013, viser at terkelen for å nytta seg av den er alt for høg, vart det sagt av ein av dei som plar vera fast inventar i kaffikroken på Spar Uskedalen.

Det er kommunestyret som har bestemt at Kvinnherad berre skal ha 4 valkrinsar då dei vart oppmoda frå sentralt hald om å tilpassa seg framtidige digitale valg. I kommunestyremøtet i mars 2014 gjorde uskedalingen Lars Johan Myklebust framlegg om at vi skulle behalda tidlegare ordning fram til fullgod elektronisk ordning låg føre. Han fekk berre med seg partifellene frå Høgre(10 av 32) i avstemminga.

I går, onsdag, var ordninga tema i kaffikroken på Spar. Engasjementet var stort, og deltakarane var vel både sinte og oppgitte! Underteikna som antyda at han truleg kom til å stemma, vart ganske åleine. Alle dei engaserte borgarane var samstemte i at det ikkje vart nokon tur til valgurna i år. Dei fleste hadde stemt ved kvart einaste valg sidan dei vart myndige. Særleg var dei optekne av kor vanskeleg det vert for dei eldre. Dei meinte også at det heller burde vore gjort grep for å få opp valgdeltakinga.

- Eg trudde politikarane verdsette demokratiet høgare enn at dei sel det for nokre kroner, var Harald Sunde sin treffande kommentar til at det vert vanskelegare for mange å delta. Ordninga vil føra til ujamn valgdeltaking i ulike bygder.

- Eg vart skikkeleg provosert då politikarane stilte her til valkamp på Festidalen-laurdagen for å få stemmene våre, når dei same politikarane gjer det vanskeleg for oss å bruka stemmeretten vår, ytra engasjerte Arne Terje Haugland, og la til: - Og kor er miljøprofilen i dette? Her i bygda må einskilde køyra 5 mil for å stemma. I nokre utkantbygder må dei køyra mykje lengre.

- Det er tydeleg at desse politikarane som har gått inn for dette vedtaket ikkje kan kjenna geografien i sin eigen kommune ein gong, var ei anna utsegn.

Då eg var tilbake i same kaffikroken i dag, var det litt færre folk, men tema var det same og engasjementet like stort. Det verkar som om at dei aller fleste uskedalingane er samde om at ein absolutt burde ha venta med nyordninga til det var klart for elektroniske valg.

Og det er ikkje berre i kaffikroken temaet får opp temperatuen. Det merkar eg både på telefonar og sms-ar.



Peder og Erna Ljosnes og Arne Terje Haugland er 3 av dei som er oppitt over nyordninga.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen